

Møteprotokoll

Utval: Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
Møtestad: Formannskapssalen i kommunehuset, Skei
Dato: 10.10.2013
Tidspunkt: 10:00 – 13.30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Klungre	Jorunn Eide Kirketeig	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar (referent)

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 20/13	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 21/13	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
ST 22/13	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om bruk av båt med motor i Langedalen - Inger Gimmestad		2013/3529
ST 23/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde		2011/2171
ST 24/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Praksis ved tildeling av midlar		2011/2171
ST 25/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar - Dalevegen i Årdal, Jølster		2013/137
ST 26/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar - Øvre Naustdal Utmarkslag		2013/137
ST 27/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar til stimerking og skilting - Bygdeutviklingsstyret i Instedalen		2013/137
ST 28/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar - Myklandsstøylsvegen		2013/137
ST 29/13	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Tiltak i Traudalen		2011/2171
RS 2/13	Orienteringssaker		
ST 30/13	Eventuelt		

ST 20/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 10.10.2013

Vedtak

Styret godkjenner innkalling og sakliste

ST 21/13 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll ST 21/13 – Naustdal-Gjengedal verneområdestyre 10.10 .2013

Vedtak:

Styret godkjenner og skriv under protokoll frå førre møte.

Arkivsaksnr: 2013/3529-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.09.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om bruk av båt med motor i Langedalen - Inger Gimmestad

Dokument i saka:

- Søknad om løyve til å bruke påhengsmotor
- Bilete av ein flaumbekk

Søknaden

Inger Gimmestad søker om å få bruke båt med påhengsmotor på Langedalsvatnet i Gloppen. Føremålet med motorferdsla er å frakte sand, stein og utstyr inn til naustet hennar ved Osen. Dette trengs for å reparere og førebygge ein flaumbekk rett ved naustet som i det siste har byrja og grave. Gimmestad søker om å få køyre inntil 10 turar i perioden frå no og fram til 30.06.14.

Forskrift og regelverk

Motorferdsel i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er i utgangspunktet forbode, jamfør verneforskrifta § 3 pkt. 5.1. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel i samband med visse føremål, mellom anna transport av materialar til vedlikehald av bygningar.

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.

Forvaltningsstyresmakta har altså heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

Søkjaren må sjølv syte føre å ha på plass løyve etter lova om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer den lova.

Vurdering

Ut i frå bileta og skildring frå søkjaren er det ikkje tvil om at det må gjerast tiltak på «flaumgrova» slik at den ikkje grev ut meir masse og gjer skade på naustet, andre bygningar eller området elles. Søklar melder om at dei har fått gjort midlertidige tiltak, men at det truleg vert behov for å gjere meir, og at det då vert behov for å frakte inn litt masse.

Slik verneområdeforvaltaren vurderer det, er dette tiltaket med på å sikre bygningane som står rundt her, og at det derfor går under reglane for vedlikehald av bygningane. Dette er eit område som allereie er bebygd og som er prega av mange år med bruk og tilrettelegging. Det går sti forbi her, og det er laga litt uteområde rundt bygningane. Dette må vere lov å halde ved like som ein del av bygningsmiljøet, og det vil vere negativt om dette ikkje vert gjort. Ein kan til ei viss grad bruke stadeigne masser, men det vil kunne lage sår i terrenget, og det er ikkje sikkert ein finn eigna masse. Man må derfor akseptere at det vert frakta inn eigna masse til tiltaket.

Under transporten kan ein sjølvsagt bruke robåt, men verneområdeforvaltaren har forståing for at det kan verte tungvindt i lengda. Man får og utnytta plassen i båten betre når man kan slepper å sitte midt i båten og ro.

Vurdering av miljøprinsippa

Vi har erfaring frå tidlegare løyve når det gjeld bruk av påhengsmotor i Langedalen. Det er den vanlege måten å transportere varer, forsyningar, utstyr med meir innover Langedalen. Erfaring og kunnskap syner at dette ikkje har negativ påverknad på landskapet og terrenget og kunnskapsgrunnlaget (jf. nml § 8) er særst godt. Førre-var-prinsippet i nml § 9 kjem ikkje til bruk i denne saka, då kunnskapsgrunnlaget er solid.

Den samla belastninga (jf. nml § 10) er godt innanfor det akseptable. Det er berre eitt anna løyve til bruk av påhengsmotor som for tida er gyldig i Langedalen, dette er i samband med sauesanking. Det er ikkje forventa at ferdsla skal føre til kostnadar som må dekkast av tiltakshavar (jf. nml § 11). Ved bruk av påhengsmotor og båt på vatnet vert den absolutt mest skånsame metoden for transport (jf. nml § 12) brukt, då bruk av båt ikkje sett nokon form for spor, verken midlertidige eller permanente.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Inger Gimmestad får løyve til å nytte båt med påhengsmotor til å frakte stein, sand og eventuelt anna utstyr til naustet sitt ved Osen i Langedalen, i samband med reoperasjon av ein flaumbekk ved naustet. Løyvet gjeld inntil 10 turar fram til 30. juni 2014.

Vilkår for løyvet:

- Det skal ikkje køyrast på søndagar
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport
- Det skal takast omsyn til natur, miljø og turfolk
- Det skal i ettertid rapporterast til verneområdeforvaltaren kor mange turar som vart nytta.

ST 22/13 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om bruk av båt med motor i Langedalen - Inger Gimmestad

Vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg, med følgjande tilleggsvilkår:

- Løyvet skal vere med under transporten.

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 01.10.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	23/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde

Bakgrunn

Etter at ordninga med lokale forvaltningsstyre og forvaltarar kom til, har det kome tilbakemeldingar til Miljøverndepartementet (MD) frå fleire styre med ynskje om å kunne delegera mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette for å få ei raskare saksgang og meir straumlinja forvaltning, særleg i motorferdselsaker.

No har MD gjort ei endring i vedtektene for nasjonalpark- og verneområdestyre, slik at det vert opna for å kunne delegera vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjelder verneforskriftene sine dispensasjonheimlar om ferdsel. Punkt nr 6 i vedtektene for styra får følgjande tillegg med endringa:

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel.

Det er ikke anledning til å delegera adgangen til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.

Forvalterens vedtak skal treffes i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikke foreligger godkjent forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har tidlegare hatt oppe dette spørsmålet, og vedtok då å vente med å delegera mynde til forvaltningsplanen er klar. No syner det seg at forvaltningsplanen vert endå meir forsinka enn den allereie er. Forvaltaren ser behov for og har ønske om å få delegert mynde innanfor rammene til MD. Dette for å få ein raskare og enklare prosess på kurante ferdselssaker som har heimel i verneforskrifta. Styret har til no handsama mange ferdselssaker, og har gjennom dei skapt ein praksis som forvaltar kan handsame sakene etter.

Handsaming i styret

Styret må ta stilling til om det skal delegerast mynde til forvaltaren til å gje dispensasjonar for ferdsel innan verneforskrifta sine reglar. Styret må òg ta stilling til eventuelle retningslinjer for ei slik delegering. Verneområdeforvaltar vil ikkje kome med noko framlegg til vedtak i denne samanhengen.

Vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i saker som omhandlar ferdsel.

Delegering gjeld eittårige løyver som har heimel i verneforskrift for Naustdal-Gjengdal landskapsvernområde.

Løyve som vert gjeve skal rapporterast til styret som orienteringssak på neste styremøte.

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 01.10.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	24/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Praksis ved tildeling av midlar

Bakgrunn

Det er mange som søker om styret sine tiltaksmidlar og bestillingsdialogmidlane, og styret har til no tildelt av desse midlane til ein del tiltak. Ofte er det snakk om tiltak etter ønske og initiativ frå grunneigar- og brukarorganisasjonar.

Styret har til no hatt som praksis å dekke materialkostnadar ved tilretteleggingstiltak, altså reelle utgifter ved innkjøp av materialar og utstyr. I eit tilfelle har det og blitt dekkast til transport med helikopter der som det har vore naudsynt. Ved dei fleste tilretteleggingstiltak har ikkje dekkast arbeidskostnadar, men rekna dette som ein eigeninnsats frå initiativtakarane/tiltakshavarane.

Ved enkelte tiltak har ein dekkast arbeidskostnad, enten etter timesats eller ved ein fast sum. Dette er då snakk om tiltak som er utført på oppdrag frå verneområdeforvaltninga (oftast snakk om stimerking) eller skjøtsel.

Tiltakshavarar som ikkje har fått betaling for arbeidet, har vore skuffa for at dei ikkje har fått det, og meiner at det i alle fall bør vere litt betaling for arbeid med tiltak som kjem ålmenta til gode.

Handsaming i møte

Verneområdeforvaltaren vil be styret diskutere dette og lage til retningslinjer for tildeling av midlar.

Spørsmål som bør diskuterast:

- I kva grad skal arbeid ved tiltak dekkast.
- Skal det vere skilje mellom når grunneigarar/brukarar tek initiativ og har eigeninteresse, og når arbeid skjer på oppdrag for forvaltninga?
- Skal det vere skilje mellom tilretteleggingstiltak og skjøtselstiltak?

ST 24/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - praksis ved tildeling av midlar

Innspel frå verneområdestyret under handsaming av saka:

- Det er viktig at saker vert handsama og vurdert likt uavhengig av geografi og kven som søker.
- Kvar enkelt søknad må vurderast ut i frå kor mykje midlar som er tilgjengeleg, men søknadane skal so langt det er mogeleg handsmast likt uavhengig av tid på året.
- Ved søknadar frå næringsinteresser (til dømes beitelag og grunneigarlag) bør det vere ein eigenandel i tiltak og prosjekt, til dømes i form av arbeidsinnsats.
- Ved tilretteleggingstiltak som kjem både næring og ålmenta til gode, vil verneområdestyret som hovudregel dekke konkrete utgifter, men ikkje godtgjering for arbeid.
- Det er skilnad på om det er ei næringsinteresse eller om det er ein ideell organisasjon som søker.
- I ein tidleg fase i søknadsprosessen bør søkerar få tilbakemelding på korleis søknaden bør setjast opp med standardar for timesatsar, kalkyler med meir.

Vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ber verneområdeforvaltar ta innspela til følgje og legge dei til grunn i handsaming av søknader om midlar.

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.09.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	25/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidler - Dalevegen i Årdal, Jølster

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler frå Dalevegen, Årdal
- Kostnadsoverslag
- Bilete av skadane

Søknaden

Dalevegen, Årdal v/Toralf Årdal søkjer om stønad frå verneområdestyret sine tiltaksmidler til reperasjon av vegen innover mot Legestølen i Årdal, Jølster. Vegen fekk ein del skadar då det gjekk eit snø-, is-, jord- og steinras ved Engjagrova den 7. mai i år. Raset tok med seg brua over Engjagrova, brufundamenta og ein del av vegen.

Dalevegen har satt opp eit kostnadsoverslag som syner at forventa kostnad på å reparere vegen og oppattbygging av ny bru vil koste kr. 59.000,-. Søkjaren viser til at liknande reperasjonar har fått støtte tidlegare.

Vurdering

Dalevegen går frå Årdal i Jølster og inn til Legestølen. Vegen innover her er den viktigaste innfallsporten til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i Jølster kommune. Herifrå går T-merka sti til Longevasshytta og vidare til dei andre kommunane i Naustdal-Gjengedal. I enden av vegen, ved Legestølen, er det laga til ein flott parkeringsplass som turfolk m.fl. kan bruke, og her er det satt opp informasjonstavle i regi av SNO. Det er i verneområdeforvaltninga si interesse at turfolk framleis kan nytte vegen inn til Legestølen og parkeringsplassen der.

Vegen er og viktig for dei som har beitedyr i området, både til å frakte dyr inn og ut og i samband med tilsyn. Beitebruk er viktig for å holde kulturlandskapet og dermed viktige verneverdiar i landskapsvernområdet ved like.

Verneområdestyret har tinga sherpa-arbeidarar no i sommar som skal utbetre stien som går frå Legestølen og innover til Longevasshytta. Det syner at denne innfallsporten er viktig for landskapsvernområdet.

I fjor var Myklandsvegen i Gloppen i omtrent same situasjon. Då hadde vatn øydelagt vegen i samband med Dagmar-uveret jula 2011. Den gong støtta verneområdestyret arbeidst med å reparere vegen med kr 20.000,- frå styret sine tiltaksmidlar.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har før dette møtet i overkant av 80.000,- kr att av tiltaksmidlane for 2013.

Forvaltaren sitt framlegg til vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar arbeidet med å reparere Dalevegen (Årdal i Jølster) med kr 20.000,- frå styret sine tiltaksmidlar.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 10.10.2013

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre utsetter saka

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.09.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	26/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidler - Øvre Naustdal Utmarkslag

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler frå Øvre Naustdal Utmarkslag

Søknaden

Øvre Naustdal Utmarkslag søker om tiltaksmidler til følgjande to tiltak:

1. Ferdiggjering av toppdekke på vinterparkeringsplassen ved Steinbakken. Om lag 1/3 av denne parkeringsplassen er blitt grusa opp ved hjelp av randsonemidler, og utmarkslaget søker no om midlar til å fullføre arbeidet. Kostnadsoverslag kr 19.750

Søknadssumm kr 19.750,-

2. Øvre Naustdal Utmarkslag søkte tidlegare i år om midlar til å ruste opp / gjere ferdig brygga ved Vonavatnet. Den må forskalast og støypast, og det er trong for entreprenør for å løyse oppgåva. Det er henta inn anbud. Totalkostnad kr 56.250
Søknaden fekk ikkje midlar då den vart handsama tidlegare i år, mellom anna fordi ein ikkje hadde fått tildelt tiltaksmidlane på det tidspunktet. Øvre Naustdal Utmarkslag ynskjer derfor at søknaden vert teken opp att i styret no.

Søknadssumkr 50.250,-

Vurdering

Ferdiggjering av toppdekke på parkeringsplassen ved Steinbakken:

Denne parkeringsplassen er mykje i bruk om vinteren. Då vert det ikkje brøytta heilt opp til vatnet, men berre opp til Steinbakken, og parkeringsplassen her. Vonaområdet er eit mykje brukt utfartsområde om vinteren og særleg i påska. Parkeringsplassen er og litt i bruk om sommaren, men då køyrer dei fleste heilt opp til vatnet. Merka sti mot Nesstølen startar ved parkeringsplassen ved Steinbakken

Verneområdestyret har hatt som praksis å støtte bygging og vedlikehald av parkeringsplassar i innfallsportane. Det er eit viktig tiltak for å legge til rette for bruk av landskapsvernområdet til friluftsliv. Midlane til slike tiltak er derimot avgrensa og det vil av og til vere sånn at ein ikkje kan innvilge heile søknadssummen.

Ferdiggjering av brygga ved Vonavatnet

Verneområdeforvaltaren har forståing for at dette er eit viktig og nyttig tiltak for beitenæringa i området, som fraktar sau innover vatnet på flåte frå denne brygga. Verneområdestyret brukar å støtte opp om beitenæringa sine tiltak og behov, særleg i dei tilfella der tiltaka og kjem ålmenta til gode.

Midlar til tiltaka i verneområdet er avgrensa og det er mange tiltak som knivar om midlane. Då må det prioriterast. Ferdiggjering av denne brygga er først og fremst eit tiltak som stettar beitenæringa. I tillegg er det eit kostbart prosjekt som søker om ein stor del av årets tiltaksmidlar.

Før dette møtet er det i overkant 80.000 att av årets tiltaksmidlar.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

- Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar søknaden om midlar til ferdiggjering av parkeringsplass ved Steinbakken med kr 13.000,-
- Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar ikkje søknaden om midlar til ferdiggjering/opprusting av brygge ved Vonavatnet.

ST 26/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar - Øvre Naustdal Utmarkslag

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 10.10.2013

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fattar vedtak i tråd med forvaltar sitt framlegg

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 01.10.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyree	27/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidler til stimerking og skilting - Bygdeutviklingsstyret i Instedalen

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler frå Bygdeutviklingsstyret i Instedalen

Søknaden

Bygdeutviklingsstyret i instedalen jobbar med eit prosjekt der dei driv med merking, skilting og rydding av turstiar for å legge til rette for auka bruk av naturområda i Instedalen. Tre av dei rutene som er med i dette prosjektet går inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Bygdeutviklingsstyret søker derfor om tiltaksmidler frå verneområdestyret til dekking av utgifter i samband med arbeidet.

Søknaden omfattar både merking av stiar og oppsetting av informasjonstavler.

Oversikt over utgifter (henta frå søknaden):

Utgifter:

Skilt:

Trematerial + måling + arbeid til 100 piler	kr 1500.-
Måling til merking på steinar + kostar	" 1000.-
Merking +enkel rydding og registrering på GPS	" 4000.-

Informasjonstavle: (3 tavler)

Materiell (Trykkimp. materiale, shingel (til taket) festejern og sement til oppsetjinga	kr 4.500.-
Snikking og oppsetjing	" 7.500.-

Samla utgifter kr 18.500.-

Vurdering:

Tilrettelegging for auka bruk av verneområdet er positive tiltak som verneområdestyret har tradisjon for å støtte opp om, og som verneområdestyret og gjennomfører ein del av i eigen regi. Merking og anna tilrettelegging av stiar slik at det er enkelt og trygt for folk å bruke landskapsvernområdet er gode tiltak i denne samanhengen.

Det er som regel mange gode prosjekt og tiltak som ynskjer støtte frå styret sine tiltaksmidlar. Det er derfor slik at styret ikkje har midlar til å fullfinansiere alle søknadar og tiltak som kjem inn. Verneområdestyret har lagt seg på ein praksis der ein dekkjer utgifter til materialar og eventuelt andre konkrete utgifter (transport, leigd hjelp etc.) so langt det lar seg gjere innanfor tildelte rammer. Og at arbeidsinnsats vert søkjaren sin eigenandel i prosjektet eller tiltaket.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal støttar Bygdeutviklingsstyret i Instedalen sin søknad om midlar til merking og skilting av turstiar med 7000 kr.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 10.10.2013**Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fattar vedtak i tråd med forvaltar sitt framlegg

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 01.10.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	28/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar - Myklandsstøylsvegen

Dokument i saka:

- Søknad om midlar til støylsveg

Søknaden

Grunneigarane ynskjer å drive førebyggjande arbeid på den om lag 3 km lange grusvegen som går inn til Myklandsstøylen. Dei siste åra har det vore ein del skade på vegen, som følgje av nedbør og vatn. Grunneigarane har no starta på ei sttrekning på om lag 500 m, der dei vil senke vegskuldrane slik at vatnet vert leia vekk frå vegen. Dei har sett opp eit kostnadsoverslag på totalt kr 34.110,- for dette arbeidet.

Grunneigarane peikar på at vegen er ein innfallspørt til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Dei søkjer ikkje om nokon eksakt sum, men vonar at verneområdestyret vil støtte arbeidet med ein høveleg sum.

Vurdering

Vegen inn til Myklandsstøylen er ein av innfallspørtane til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det har tidlegare blitt brukt statlege midlar til bygging av parkeringsplass og oppsetting av informasjonsskilt ved støylen. I tillegg støtta verneområdestyret reperasjon av vegen etter Dagmar med 20.000 frå styret sine tiltaksmidlar.

Å sikre ålmenta sin tilgang til verneområda er eit viktig tiltak, som forvaltningsstyresmakta brukar mykje midlar på. Det er derimot sjeldan at verneområdeforvaltninga går inn og fullfinansierer vedlikehald, reperasjonar og utbetringar då bruken av vegane er knytt til fleire interesser og ikkje berre i samband med ålmenta sin bruk av verneområdet.

Skikkeleg veg inn til parkeringsplass og informasjonsskilt i innfallsporten er viktig på fleire måtar. Først og fremst bør tilkomsten vere slik at den ikkje går ut over bilane til folk som skal bruke områda. Det kan hindre folk frå å bruke verneområdet og det kan og vere med å lage eit dårleg inntrykk av verneområdet. I tillegg er ein skikkeleg veg inn til parkeringsplassen eit signal om at her er det lagt til rette for at folk skal bruke området og at bruk vert sett på som positivt.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar søknaden frå Myklandsstøylsvegen med kr 10.000,- frå styret sine tiltaksmidlar for 2013

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden om tiltaksmidlar til førebyggjande arbeid på Myklandsstøylsvegen.

Styret vurderer arbeidet til å vere vedlikehald av vegen og tiltaket fell derfor utanfor føremålet for styret sine tiltaksmidlar.

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 03.10.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	29/13	10.10.2013

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Tiltak i Traudalen

Bakgrunn

Traudalen er ein stølsdal på Sørstranda i Gloppen som går innover frå Rygg. Heile dalen frå nausta i enden av Traudalsvatnet er med i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Stølsmiljøet Dalsbøen som ligg i inste enden av Traudalsvatnet er eit vakkert område med tradisjonelt stølsmiljø og bygningsmiljø.

I Traudalen har det tradisjonelt sett vore beiting både med storfe og småfe, og det er det framleis. Beiting er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet her og dei verneverdiane som det representerer. Siste åra har det derimot vore vanskar med å drive storfe innover Traudalen på beite. Hovudårsakene til dette er tilstanden på stien som går innover langs sørsida av vatnet, kombinert med at dagens storfe ikkje klarar seg so godt i terreng som dei gjorde tidlegare.

Stien er steinete og prega av mykje store steinar. Storfe likar ikkje å gå på slike stiar, og mange lar seg rett og slett ikkje drive innover denne stien. Bonden som har storfe på beite i Traudalen, melder om at han berre får inn om lag halvparten av dei dyra han vil ha inn på beite. I tillegg til vanskar med å drive innover, har han og utfordringar med å få heimatt dyr som må takast heim grunna kalving, sjukdom eller skade. Beitesesongen i år har vore ekstra problematisk, og bonden vurderer å slutte med beiting i Traudalen.

Det problematiske partiet av stien er ei om lag 300 meter lang strekning. Skal denne utbetrast må ein truleg bruke maskin, grunna storleiken på steinane. Alternativet er å bruke steinarbeidarar/sherpa, i alle fall på delar av strekninga. Uansett vert det eit omfattande og relativt kostbart prosjekt.

Grunneigar og bonde Kristen Grov vil truleg komme på møtet og legge fram sitt syn og sine utfordringar.

Handsaming i styret

Verneområdestyret må ta stilling til korleis styret vil møte desse utfordringane og i kva grad dette prosjektet skal prioriterast framover.

Vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ber forvaltar og naturoppsyn om å utarbeide ein plan for utbetring av buføringsveg i Traudalen, i samarbeid med Rygg og Grov sameige og Gloppen kommune.

Tiltaksplan for buføringsvegen skal vere klar til neste styremøte, når bestillingsdialogen for neste år skal settast opp.

RS 2/13 Orienteringssaker

Forvaltar orienterte om følgjande saker:

- Klagesak skiløypekøyering
- Sherpa-arbeid Stegsvatnet
- Stiltak Naustedalen
- Stiltak Gjengedalen
- Parkeringsplassar i Naustedalen
- Granuttak
- Skjøtsel Nesstølen
- Parkeringsutfordringar Ryssdal
- Filmprosjekt

ST 30/13 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 10.10.2013

Vedtak

- Styret ber forvaltar legge opp til at minst eit møte kvart år skal leggast opp med tur eller synfaring.